


Vedtekter
for
skulefritidsordninga
i
Sandøy kommune



Vedtekter for skulefritidsordninga i Sandøy kommune




Med heimel i Opplæringslova, § 13-7, vedteken av Stortinget 16. juni 1998 og gjort gjeldande frå 1.januar 1999, vert det bestemt at kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.- 4. klassesteg:

- Skulefritidsordninga, SFO, skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa alder, funksjonsnivå og interesser hos barna.
- SFO skal gje barna omsorg , tilsyn og gode vilkår for sosial læring.
- SFO skal gje høve til varierte aktivitetar som rolleleik, fysisk aktivitetar og naturopplevingar .
- SFO skal legge vekt på samarbeid med frivillige organisasjonar og ressurspersonar i lokalsamfunnet.
- Funksjonshemma skal gjevast gode utviklingsvilkår.
- Areal, både ute og inne, skal vere tilpassa aktiviteten som vert driven

Styring og bemanning

- Sandøy kommune er eigar og drivar av skulefritidsordninga. Rektor ved Harøy skule er administrativ og pedagogisk leiar
- Arbeidsleiaren for SFO, i tilpassa stillingsprosent, skal stå for den daglege drifta og organiseringa av ordninga
- Alle foreldre som har barn i skulefritidsordninga utgjer foreldrerådet. Dette rådet vel 2 representantar med vararepresentantar som er med i arbeidsutvalet for foreldrerådet ved Harøy skule.
- Bemanninga/assistentbehovet skal vere tilpassa barnetalet



Teieplikt

- Tilsette i SFO har teieplikt etter reglane i forvaltningslova §§ 13-13 e.

Opningstid

- Skulefritidsordninga har ope frå måndag til fredag mellom kl. 7.15 og 16.15 når det ikkje er undervisning
- Den årlege opningstida følgjer skuleåret
- Høve til å kjøpe ekstra opphaldstid i haust- og vinterferien vert vurdert frå år til år.
Behov, kostnad og organisatoriske løysingar er avgjerande



Søknad om opptak – prosedyre og rutiner

- Søknad om opptak og endring i opphaldstid for komande skuleår skal førast på fastlagt skjema og sendast til
Harøy skule, 6487 Harøy
- Opptak vert i regelen gjort ein gong i året med søknadsfrist 1. mai.
- Opptaket vert handsama administrativt


Opptak på særskilt grunnlag

- Barn som etter Opplæringslova har rett til spesialpedagogisk tilbud, har første rett til opptak dersom tilråding fra sakkunnige ligg føre.
- Administrativ tilråding i slike saker vert gjort i samråd med aktuelle faginstansar.
- Sakkunnig instans gjer tilråding om opptak for barn som kjem inn under Lov om sosial omsorg eller Lov om barnevern.
- Barn som barnevernet søker inn, vert garantert plass.



Kriterier for opptak av barn i skulefritidsordninga

- Avgjer om opptak er underlagt forvaltningslova sine reglar for enkeltvedtak, inhabilitet m.m., og sakene må behandlast i samsvar med dette.
- Sakshandsamarar og klageinstans er underlagt teieplikt når det gjeld opplysningar om personlege tilhøve vedk. barnet, heimen m.m.




Klagerett og klagefrist

- Etter forvaltningslova § 28, andre ledd, kan opptak i kommunal skulefritidsordning påklagast.
Avslag kan ankast innan 3 veker etter at søkjarane har fått melding om opptak/avslag.
- Klagen skal vere skriftleg.
Den skal innehalde namn til barn og klagar, dato og underskrift, nemne vedtaket og den ønska endringa i vedtaket, kvifor klagaren meiner dette er feil, og nemne eventuell dokumentasjon som vert lagt ved søknaden som bilag.

- Avgjerd om opptak/avslag må kunne grunngjevast dersom dette vert kravt.
- Barn som ved ordinær søknadsfrist ikkje får plass, skal, etter vurdering av eventuell klage, førast opp på prioritert venteliste og ha førsterett i samsvar med prioritet når plass vert ledig.

Kjøp av ekstratid

- Kjøp av ekstra tid, etter fastsett timesats, må avtalast direkte med arbeidsleiar ved SFO
Tilbodet gjeld alle med barn i 1. – 4. klasse.



Endring av oppholdstid/oppseiing av plassen i løpet av skuleåret

- Føresette kan søkje om auke/reduksjon i oppholdstid i løpet av skuleåret. Søknaden skal vere skriftleg med varslings tid på 2 månader.
- Føresette kan seie opp plassen i løpet av hausthalvåret. Meldinga skal vere skriftleg med varslings tid på 2 månader
Foreldrebetalinga gjeld i oppseiingstida.
Unntaksvis kan ein få dispensasjon frå denne regelen
- *Rektor ved Harøy skule* har fullmakt til å føreta inntak og endring i oppholdstid i løpet av skuleåret.
Prioritert venteliste, dei fastsette opptakskriteria og ledig kapasitet er retningsgjevande for slike endringar
- Søknader om endra oppholdstid/oppseiing av plass/dispensasjon frå vedtektene, skal sendast *Harøy skule v/rektor*

Foreldrebetaling

- I samband med budsjettvedtak for kvart år fastset kommunestyret satsar for foreldrebetaling.
- I særlege tilfelle kan kommunestyret justere betalings satsane i løpet av driftsåret
- Betalinga skal gjelde frå den datoen barnet får plass.

- Ved misleghald av foreldrebetalinga sender Økonomikontoret ut 2 påminningskrav. 14 dagar etter andre gongs påminning, vert saka sendt til rettsleg inkasso.
- Dersom kjøpar av SFO-tenesta ikkje er villig til å gjere opp for seg, kan ein bli nekta vidare plass
- Dersom ein plass vert oppsagt etter 1. februar, må ein betale for resten av skuleåret.
Ein kan søkje om dispensasjon frå denne regelen. Søknaden skal sendast Harøy skule, v/ rektor og vert handsama administrativt.
- Foreldrebetalinga vert kravd inn kvar månad
Det vert til vanleg ikkje gjeve frådrag for tilfeldig fråvær, heller ikkje for fridagar skulen er stengd.
Søker ein om periodisk fritak frå betaling, må søknaden grunnjevast skriftleg og sendast *Harøy skule v/ rektor*, i god før fritaket er aktuelt.
Søknaden vert handsama administrativt.




Meldeplikt

- Både av organisatoriske og sikkerheitsmessige omsyn skal foreldra melde frå til personalet i SFO, telefonisk eller skriftleg, dersom barna uteblir enkeltdagar.

Leike - og opphaldsareal

- Lokala er klasserom/grupperom i barneskulebygget på Harøy skule med bruk av disponible lokale ved ungdomsskulebygget.
- Utearealet er det same som for barneskuleelevane med tilgang til idrettsplass, myr, eng, skog, knausar og fjøre i nærmiljøet - i tillegg til skuleplassen.



Andre reglar

- Barna må ha med nistemat dersom ikkje anna er avtala med arbeidsleiaren for SFO.

- Dei må ha reint tøy som er tilpassa ver og årstid. Lette sko, tøflar eller raggar til innebruk må takast med.
Barn skal ha med seg tørre skift
- SFO held leiker og anna utstyr.

Endring av vedtekter

- Framlegg til endringar i vedtektene må leggjast fram for Samarbeidsutvalet før dei går til politisk behandling.
- Undervisning- og kulturstyret tilrår vedtektene og legg dei fram for kommunestyret til godkjenning.

Desse vedtektene er godkjende av Sandøy kommunestyre i møte den 06.06.02, og skal setjast i verk umiddelbart etter vedtaksdato.



*Barnet symboliserer framtida,
fordi
det forvaltar mulegheitene
fordi
kvar barn kan bety verdas
framgang,
fornyning,
forløyning.*

Lars Oftedal

